



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 21. april 2015 kl. 09.00 – 11.30
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle,
Rolf Henning Hegland og Unni Andersen Sæbø
Forfall:
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund
Frå revisjonen: Espen Hordvik
Sekretær: Bent Gunnar Næss og Tonje Husum Aarland – var ikkje med under sak 23/15

17/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

18/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå møte 17.03.15.

19/15 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv og meldingar.

20/15 Rekneskap og årsmelding for 2014

Sakstfang: Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding og revisjonsuttale
Økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2014, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok å gi slik uttale til kommunestyret om Lindås kommune sin årsrekneskap for 2014:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Lindås kommune for 2014, samt årsmeldinga frå rådmannen, revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov og er klar og oversiktleg. Årsmeldinga som inneheld dei lovpålagte krava gir ein god oversikt.

Kontrollutvalet har nokre kommentarar til rekneskapen og årsmeldinga:



Økonomisk resultat

Netto driftsresultat er pluss 45,0 mill kr, det er 26 mill kr lågare enn i 2013, men det er 1 mill kr betre enn budsjettet.

Driftsinntektene viser ein auke på 2,4 %, mens driftsutgiftene har ein auke på 4,7 %. Lønnsutgiftene aukar med 4,4 %, noko som er i nærleiken av lønnsauken.

Finans

Netto finanskostnadar har auka dette året med 17 %, men finansinntektene har auka monaleg med 23 %. Med aukande lånegjeld må kommunen forvente at finanskostnadene vil auke, det må også takast i betraktning at rentenivået no er lågt. Slik at netto auken i 2014 er på 2,7 mill kr.

Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B

I forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 er det eit krav at vesentleg avvik i utgifter i høve til budsjett skal gjerast greie for.

Samla sett for tenesteområda er der eit mindreforbruk på 1,3 mill kr. Tenesteområda administrativ styring, barnehagetilbod og sosiale teneste/barnevern har eit overforbruk, mens dei andre tenesteområda har eit mindreforbruk. Avvika er gjort greie for i årsmeldinga.

Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der ein del større avvik i forhold til vedteke budsjett. Det er fleire prosjekt som har fått auka løyving i revidert budsjett der ressursbruken er langt lågare. Totalt er der eit budsjett på 209 mill. kr og eit forbruk på 123 mill. kr.

Til vatn og avløp er der langt lågare investeringar enn budsjettet. Kontrollutvalet er litt uroleg for at investeringane ikkje føl dei planane som er fastlagt innafor vatn og avløp, dette har skjedd over fleire år.

Kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsvhengig. Dette er presisert i brev 07.04.10 frå Kommunal og regionaldepartementet til NKRF. I brevet står det mellom anna følgjande:

- Investeringsbudsjettet er eittårig, og ikke årsvhengig.
- Årsbudsjettet er bindende for underordnete organer, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra kommunen eller fylkeskommunen utgifter i budsjettåret. Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstillere lovens krav til balanse, realisme mv.

Kontrollutvalet ser det som naturleg at dagens praksis vert vurdert opp i mot dei krava som er sett i brevet frå Kommunal og regionaldepartementet, viser til at årets budsjett må vere realistisk med omsyn til forventta framdrift/ressursbruk til prosjekta.

Etikk og likestilling



Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Årsmeldinga gjer greie for desse områda.

Noter

I ein førebels standard frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) står det følgjande i KRS nr 6:

”Noter er opplysninger som skal gis i tillegg til driftsregnskapet, investeringsregnskapet, balansen og økonomiske oversikter. Notene skal gis som en særskilt del av årsregnskapet og bidra til å øke regnskapsbrukerens forståelse og vurdering av regnskapet. Alle noter skal ha klar henvisning til de poster i regnskapet som blir kommentert.”

Note 3 om pensjon bør ha ei sum kolonne slik at ein lettare finn dei same tala som er i balansen.

Note 8 – sjølvkost – kontrollutvalet registrerer at fonda på vatn og avløp også dette året har auka relativt mykje. Det vart også peikar på for rekneskapen i 2013. Fonda er no store og dei må nyttast innan 5 år frå dei oppstod. På område feiing er der eit positivt fond, men det går ikkje fram at der er berekna netto renteinntekter.

Kontrollutvalt saknar ein note som omtaler dei forskoteringane som kommunen har gjort med omsyn til beløp og forventa tidspunkt for tilbakebetaling. Det er omtalt under gjeld og utlån i årsmeldinga, men seier ingenting om forventa tilbakebetaling. Ved å ha det i ein eigen note ville det blitt meir oversikteleg.

Revisor og økonomisjef bekrefta at det ikkje skal vere bankkontoar i kommunen sitt namn som ikkje er med i kommunerekneskapen.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet vil følgje opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten og har merka seg at kommunen har ein positiv utvikling med omsyn til kartlegging av skriftlege rutinar, men at det framleis gjenstår noko.

Kontrollutvalet har merka seg at det i dag ikkje er krav om dobbel godkjenning for gjennomføring av bankbetaling, det bør etter kontrollutvalet sitt syn gjennomførast. Økonomisjefen opplyste om at det også vil bli gjennomført.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 14.04.2015 og revisjonsrapport datert 14.04.2015, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Lindås kommune for 2014.

21/15 Finansrapport 2014

Saksvedlegg: Finansrapport 2014

Rapporten vart gått gjennom i møte.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok rapporten til etterretning.

22/15 Forvaltningsrapport – refusjonar og tilskott – rapport frå revisjonen

Sakstilfang: Forvaltningsrapport refusjonar og tilskott

Ved ein inkurie var ikkje rapporten sendt ut i vanleg post med dei andre sakene. Kontrollutvalet ønskja difor å handsame saka i neste møte. Rapporten vart delt ut i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet utset saka til neste møte.

23/15 Handsaming av innkomne tilbod om revisjon

Sekretariatet til kontrollutvalet var ikkje til stades under handsaminga.

Sekretær: Janne Sund

Saksdokument lagt fram i møtet:

1. Tilbod frå 4 revisjonsfirma: Nordhordland revisjon IKS, BDO, Deloitte og KPMG AS
2. Skjema med vekting av tilboda
3. Presentasjon av tilboda og gjennomgang av vektinga ved leiar av kontrollutvalet og sekretær.

Saksfremstilling

Leverandøren som blir valgt skal vera kommunen sin revisor frå og med 01.07.2015. Det vil seie at leverandøren skal revidera frå og med rekneskapsåret 2015. Tidsperioden for kontrakten er 3 år + opsjon på 1 år. Dette vil seia at leverandøren skal revidera til med rekneskapsåret 2017 (+ opsjon på 1 år), men vil fungera som kommunen sin revisor til og med 30.06.2018 (+ opsjon på 1 år). Konkurransgrunnlaget blei lyst ut på Doffin-databasen (samt TED) med tilbodsfrist 20. mars 2015 kl 12.00. Tilbodsopning blei gjort 23.03.2015 kl 0900 av Janne Sund og Eirik Schütz. Alle dei fire tilboda lå føre før fristen gikk ut. Alle tilboda vart godkjente, dvs at ingen vart forkasta.

Vurderingsprosessen

Innkjøpsprosedyren er ein open tilbodskonkurranse utan forhandlingar. Tilboda har såleis utelukkande vorte vurderte i forhold til tildelingskriteria: Tildeling av kontrakten vil skje på grunnlag av det som er best økonomisk ut frå ei heilskapsvurdering der ein tek omsyn til følgjande kriterium:

Pris (fastpris og timepris):	50 %
Kompetanse	50 %
Sum	100 %



Følgjande totalpriser vart tilbydd:

PRIS	Deloitte AS	BDO	KPMG AS	Nordhordland Revisjon IKS
	620 000	672 330	660 000	800 000

Under vurdering av kompetanse vil det bli lagt vekt på følgjande:

1. Vi ønskjer at det blir oppnemnt kontaktperson(ar) på høgt nivå i organisasjonen, for rekneskapsrevisjonen og forvaltningsrevisjonen (partner/dagleig leiar). Utvida informasjon/CV på kontaktperson(ane) må leggjast ved.
2. Kompetansen til dei av tilbydaren sine tilsette som skal utføra oppdraget skal oppgjevast ved CV eller tilsvarande. Oppdragsgjevar føreset at det vert avsett røynde revisorar til å gjennomføra dette oppdraget, og at tilbydaren har kjennskap og erfaring med offentlig forvaltning. I arbeidet med forvaltningsrevisjonar vert det lagt stor vekt på at juridisk kompetanse er tilgjengeleg. Brei kompetanse elles er ønskjeleg.
3. I tillegg til kompetanse, må røynsle oppgjevast. Seniorkompetanse (minst tre år) vil bli vektlagt. Det vil også bli lagt vekt på erfaring med tilsvarande oppdrag for andre kommunar.
4. Leverandøren skal visa til referansar (namn på kommunar, kontaktperson og telefonnummer, lengd på oppdrag).»

Leiaren for kontrollutvalet og sekretæren har arbeidd med vurderinga av tilboda. Arbeidet kan oppsummerast slik:

	Deloitte AS	BDO	KPMG AS	Nordhordland Revisjon IKS
VEKTING AV PRIS	50,0	46,1	47,0	38,8
SUM	50,0	49,3	50,0	48,8
TOTALSUM	100,0	95,4	97,0	87,6

Vektinga av pris er gjort ved at lågaste tilbod, frå Deloitte er sett til 50, og dei andre tilboda sine prisar er i forhold til denne prisen. Høgare pris gjer forholdsmessig lågare vekting.

Vektinga av kompetanse består av vurdering av tilboda sine opplysningar om kontaktperson, kompetansen til dei av tilbydarane sine tilsette som skal utføra oppdraget, røynsle og referansar. Alle tilbydarane har fått full score på referansar, då dette ikkje vart vurdert som naudsynt å hente inn. Deloitte hadde høgast poengsum samla sett, og har vore revisor for Lindås kommune i førre periode.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet har drøfta saka på grunnlag av dei innkomne tilboda og vurderingane som låg føre. Ut frå ei heilskapsvurdering vedtok kontrollutvalet følgjande:



Innstilling til kommunestyret

Lindås kommune godtek tilbudet frå Deloitte AS med grunngjeving i at dei kom best ut under vurderinga av tildelingskriteria.

Innstillinga er samrøystes.

24/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

25/15 Eventuelt


Neste møte er måndag 01.06.15 kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Forvaltningsrevisjonsrapport refusjonar og tilskott

Knarvik 21.04.2015


Øystein Reidar Moldeklev, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær